STORD KOMMUNE

kristtornbyen



Foto: Emma Ölander Aadland

**1. GEBYR SOM ER VEDTEKNE AV KOMMUNESTYRET 3**

1.1 Kommunale eigedomsgebyr 2022 3
1.1.1 Årsgebyr per bygningsgruppe 3
1.1.2 Tilknytingsgebyr 7
1.1.3 Renovasjonsgebyr 7
1.1.4 Tøming slamavskiljar 9
1.2 Gebyrregulativ for Regulering, byggesak og oppmåling 10
1.2.1 Generelt 10
1.2.2 Gebyr private planforslag 13
1.2.3 Gebyr bygge- og delesaker 14
1.2.4 Utsleppsløyve 23
1.2.5 Gebyrregulativ for arbeid etter matrikkelova (ML) (ML §32, forskrift §16) 24
1.2.6 Gebyr seksjonering/reseksjonering (§15 i eierseksjonsloven) 28
1.2.7 Andre tenester 29
1.3 Betalingssatsar for brann og redning 29
1.3.1 Feiing og tilsyn 29
1.3.2 Sakshandsaming og tilsyn fyrverkeri 29
1.4 Gebyr for sakshandsaming, administrasjon, forfall og kontroll og gravearbeid 30

**2. GEBYR SOM ER VEDTEKNE AV UTVAL FOR OPPVEKST OG KULTUR 30**

2.1 Betalingssatsar for Stord Kulturskule 30
2.2 Betalingssatsar for plass i skulefritidsordninga 31
2.3 Betalingssatsar for plass i kommunale barnehagar 32
2.4 Leigesatsar for utleige av skulebygg i helgar/overnatting 32
2.5 Utleigesatsar for Stord kulturhus 33

**3. GEBYR SOM ER VEDTEKNE AV UTVAL FOR REHABILITERING, HELSE OG OMSORG 36**

3.1 Betalingssatsar for omsorgstenester 36

**4. GEBYR SOM ER VEDTEKNE AV UTVAL FOR PLAN OG UTVIKLING 39**

4.1 Betalingssatsar for kommunale parkeringsplassar 39
4.2 Betalingssatsar for leige av torgplass 40

**5. GEBYR SOM ER VEDTEKNE AV FORMANNSKAPET 41**

5.1 Betalingssatsar for landbruks- og havbrukssaker 41

# 1. Gebyr som er vedtekne av kommunestyret

## 1.1 Kommunale eigedomsgebyr 2022

Kommunestyret vedtek fylgjande betalingssatsar/endringar i kommunale eigedomsgebyr frå 01.01.2022 for ein vanleg bustad:

| **Eigedomsgebyr** | | **2022 (eks mva)** | **2022 (inkl. mva)** |
|---|---|---|---|
| Vassgebyr | Årsgebyr vanleg bustad* | 5 486 | 6 858 |
| | Tilknytingsgebyr | 25 000 | 31 250 |
| Avløpsgebyr | Årsgebyr vanleg bustad* | 5 595 | 6 994 |
| | Tilknytingsgebyr | 25 000 | 31 250 |
| Renovasjon | Standard løysing SIM* | 2 617 | 3 271 |
| | Kommunal eigendel (inkl. over) | -28 | -35 |
| Slamtøming | Årsgebyr bustad (4 m³) | 661 | 826 |
| | Årsgebyr fritidsbustad (4 m³) | 330 | 413 |
| | **Sum for vanleg bustad - VAR*** | **13 698** | **17 123** |
| | | | |
| | Vatn etter målt mengde (m³) | 20,50 | 25,63 |
| | **Avløp etter målt mengde (m³)** | 20,24 | 25,30 |

Gebyra er gruppert etter bygningsgrupper i nasjonalt register for bygningar (GAB) og Norsk standard (NS) 3457. Gebyra vert berekna ut frå bruksareal, pr. bygning/bustadeining. Årsgebyra vert rekna etter abonnementsgebyr med tillegg av stipulert eller målt forbruk. Ved bruk av vassmålar vert abonnementsgebyr, med tillegg av forbruk etter målar lagt til grunn for gebyr for vatn og avløp.

Det vert rekna eit abonnementsgebyr for kvar bustadeining. Abonnementsgebyret er det same, for alle einingar, med unnatak av store industri-/næringsbygningar. Meirverdiavgift kjem i tillegg.

### 1.1.1 Årsgebyr per bygningsgruppe

| Bustader bygningsgruppe 11: Einebustad | | 2022 (eks. mva) | 2022 (inkl. mva) |
|---|---|---|---|
| **Årsgebyr for bueining opptil 60 m2 bruksareal utan vassmålar:** | | | |
| Vassgebyr | Abonnementsgebyr | 2 820 | 3 525 |
| | Variabel del | 1 238 | 1 548 |
| | **Sum** | **4 058** | **5 073** |
| Avløpsgebyr | Abonnementsgebyr | 2 964 | 3 705 |
| | Variabel del | 1 212 | 1 515 |
| | **Sum** | **4 176** | **5 220** |
| **Årsgebyr for bueining frå 61 m2 inntil 200 m2 bruksareal utan vassmålar:** | | | |
| Vassgebyr | Abonnementsgebyr | 2 820 | 3 525 |
| | Variabel del | 2 666 | 3 333 |
| | **Sum** | **5 486** | **6 858** |
| Avløpsgebyr | Abonnementsgebyr | 2 964 | 3 705 |
| | Variabel del | 2 631 | 3 289 |
| | **Sum** | **5 595** | **6 994** |
| **For bueining over 200 m2 bruksareal utan vassmålar. Tillegg pr. m2** | | | |
| | Vatn | 22,05 | 27,56 |
| | Avløp | 21,80 | 27,25 |

| Bustader bygningsgruppe 11-14: Tomannsbustad, rekkehus, større bustadbygg | | 2022 (eks mva) | 2022 (inkl mva) |
|---|---|---|---|
| Årsavgift per bueining opptil 60 m2 bruksareal utan vassmålar: | | | |
| **Vassgebyr** | Abonnementsgebyr | 2 820 | 3 525 |
| | Variabel del | 1 238 | 1 548 |
| | Sum | **4 058** | **5 073** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Avløpsgebyr** | Abonnementsgebyr | 2 964 | 3 705 |
| | Variabel del | 1 212 | 1 515 |
| | Sum | **4 176** | **5 220** |

**Årsgebyr for bueining frå 61 m2 inntil 200 m2 bruksareal utan vassmålar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Vassgebyr** | Abonnementsgebyr | 2 820 | 3 525 |
| | Variabel del | 2 666 | 3 333 |
| | Sum | **5 486** | **6 858** |
| **Avløpsgebyr** | Abonnementsgebyr | 2 964 | 3 705 |
| | Variabel del | 2 631 | 3 289 |
| | Sum | **5 595** | **6 994** |

**For bueining over 200 m2 bruksareal utan vassmålar. Tillegg pr. m2**

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Vatn | 22,05 | 27,56 |
| | Avløp | 21,80 | 27,25 |

| **Bygning for bufellesskap, bygningsgruppe 15:** | | **2022 (eks mva)** | **2022 (inkl mva)** |
|---|---|---|---|
| **Bu- og servicesenter, studentheim og liknande** | | | |
| **Årsgebyr for inntil (per) 4 hyblar utan vassmålar** | | | |
| **Vassgebyr** | Abonnementsgebyr | 2 820 | 3 525 |
| | Variabel del | 2 666 | 3 333 |
| | Sum | **5 486** | **6 858** |
| **Avløpsgebyr** | Abonnementsgebyr | 2 964 | 3 705 |
| | Variabel del | 2 631 | 3 289 |
| | Sum | **5 595** | **6 994** |

| **Hytte/fritidshus, bygningsgruppe 16–17, og tappepunkt** | | **2022 (eks mva)** | **2022 (inkl mva)** |
|---|---|---|---|
| **Årsgebyr for hytte/fritidshus utan vassmålar** | | | |
| **Vassgebyr** | Abonnementsgebyr | 2 820 | 3 525 |
| | Variabel del | 1 238 | 1 548 |
| | **Sum** | **4 058** | **5 073** |
| **Avløpsgebyr** | Abonnementsgebyr | 2 964 | 3 705 |
| | Variabel del | 1 212 | 1 515 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | **Sum** | **4 176** | **5 220** |

| **Industri / næringsdrivande o.l., bygningsgruppe 18, 21-44 med bruksareal inntil 60 m², utan vassmålar:** | | **2022 (eks mva)** | **2022 (inkl mva)** |
|---|---|---|---|
| **Vassgebyr** | Abonnementsgebyr | 2 820 | 3 525 |
| | Variabel del | 1 238 | 1 548 |
| | **Sum** | **4 058** | **5 073** |
| **Avløpsgebyr** | Abonnementsgebyr | 2 964 | 3 705 |
| | Variabel del | 1 212 | 1 515 |
| | **Sum** | **4 176** | **5 220** |

| **Forretning, verksemd, kontor, driftsbygning, naust o.l. 61 – 200 m2 med bruksareal frå og med 61 – 200 m2, utan vassmålar:** | | **2022 (eks mva)** | **2022 (inkl mva)** |
|---|---|---|---|
| **Vassgebyr** | Abonnementsgebyr | 2 820 | 3 525 |
| | Variabel del | 2 666 | 3 333 |
| | **Sum** | **5 486** | **6 858** |
| **Avløpsgebyr** | Abonnementsgebyr | 2 964 | 3 705 |
| | Variabel del | 2 631 | 3 289 |
| | **Sum** | **5 595** | **6 994** |

| **Forretning, verksemd, kontor, driftsbygning, naust o.l. over 200 m2 bruksareal; tillegg pr. m2** | **2022 (eks mva)** | **2022 (inkl mva)** |
|---|---|---|
| Vatn | 22,05 | 27,56 |
| Avløp | 21,80 | 27,25 |

| **Industri o.l over 200 m2 bygningsgruppe 21–84 etter målt forbruk (krav om vassmålar)** | | **2022 (eks mva)** | **2022 (inkl mva)** |
|---|---|---|---|
| Vassgebyr | Abonnementsgebyr | 11 280 | 14 100 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Avløpsgebyr** | Abonnementsgebyr | 11 760 | 14 700 |
| **Vatn og avløp etter målt mengde (m³):** | | | |
| **Gjeld alle typar bygningar:** | | | |
| | Vatn | 20,50 | 25,63 |
| | Avløp | 20,24 | 25,30 |

### 1.1.2 Tilknytingsgebyr

For tilknyting til kommunal vassforsyning eller avløp, må det søkjast på særskilt skjema. Søknad må vera godkjent og gebyret betalt før tilknyting skjer.

Eingongsgebyr for tilknyting vert likt for alle abonnentar med inntil 2" tilknytingsleidning til vatn. Ved tilkopling med større dimensjonar, vert det rekna tillegg i avgifta.

| **Tilknytingsgebyr** | **2022 (eks mva)** | **2022 (inkl mva)** |
|---|---|---|
| 3.1 Bustader/Fritidsbygg | | |
| **Vatn** | 25 000 | 31 250 |
| **Avløp** | 25 000 | 31 250 |
| **3.2 Industribygg** | | |
| **Vatn** | 25 000 | 31 250 |
| **Avløp** | 25 000 | 31 250 |
| **3.3 Større leidningsdimensjon, tillegg i avgifta** | | |
| **3 – 4" leidning:** | 30 000 | 37 500 |
| **5 – 6" leidning:** | 60 000 | 75 000 |
| **3.4 Naust/tappepunkt** | | |
| **Vatn** | 25 000 | 31 250 |
| **Avløp** | 25 000 | 31 250 |
| **3.5 Mellombelse tilkoplingar** | | |
| **Ingen tilknytingsgebyr. Alle kostnader med tilkopling/fråkopling skal dekkjast av eigar/festar av eigedomen. Mellombels tilknyting gjeld for opp til eitt år. I særskilde høve kan ein søkja om vidareføring.** | | |

### 1.1.3 Renovasjonsgebyr

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM) er skipa for å ivareta innhenting og avfallsdeponering i distriktet. Føremålet med kjeldesortering er å ta vare på ressursane i avfallet, og unngå miljøulemper på fyllplassen. Alle husstandar skal sortera avfallet i fem grupper:

- Bio-avfall (brunt lok)
- Papiravfall (blått lok)
- Restavfall (svart lok)
- Glas og metallavfall (Ny dunk; oransje lok)
- Plastemballasje (eigen sekk)

Grunnlag for gebyra:
Gjeld eigedom med fast busetnad.

| | Gebyr | | Standardløysing | |
|---|---|---|---|---|
| | **2022 (eks mva)** | **2022 (inkl mva)** | **2022 (eks mva)** | **2022 (inkl mva)** |
| **Abonnementsgebyr bustad** | 936 | 1 170 | **936** | **1 170** |
| **Abonnementsgebyr hytter** | 1 059 | 1 324 | | |
| **Bioavfall 140** | 412 | 515 | **412** | **515** |
| **Glas- og metallavfall 140/8** | 164 | 205 | **164** | **205** |
| **Glas- og metallavfall 240/8** | Tas ut av prislista | | | |
| **Glas- og metallavfall 660/8** | 485 | 606 | | |
| **Papir 140/4** | 199 | 249 | **199** | **249** |
| **Papir 240/4** | 325 | 406 | | |
| **Papir 660/4** | 911 | 1 139 | | |
| **Restavfall 140/2** | 533 | 666 | | |
| **Restavfall 240/2** | 906 | 1 132 | **906** | **1 132** |
| **Restavfall 370/2** | 1 377 | 1 721 | | |
| **Restavfall 660/2** | 2 521 | 3 151 | | |
| **Totalt for husstand som vel standardløysing:** | | | **2 617** | **3 271** |

- Ordninga med tøming restavfall kun pr 2. veke vert ført vidare.
- Sekkerenovasjon/fritaksdunk etter søknad: Kr. 1 334,- (inkl. mva. Abonnementsgebyr kjem i tillegg.)
- Ekstrasekk restavfall SIM per stk.: Kr 60,- (inkl. mva)
- Kontrakt om heimekompostering gjev reduksjon i avgifta på kr 515,- (inkl. mva)
- Felles bruk av dunkar kan gje ytterlegare reduksjon.
- Det kan søkjast om fritak for dunkavgift ved bruksendring av eigedomen. Eventuelt fritak vert gjort gjeldande frå første terminskifte.
- Fritak for grunngebyr kan berre innvilgast ved at eigedom ikkje vert nytta permanent / varig.

**Glas og hermetikk:**
Det vert frå og med 2020 innført ny ordning med dunkar for glas og hermetikk, med tøming kvar 8. veke. Tidlegare innsamlingspunkt i kommunen vert fjerna. På innsamlingspunkt for hytteavfall, vil det vera eigne dunkar for glas og hermetikk, for hytteabonnentar.

**Plast:**
Rein plastemballasjeplast, som plastflasker/-kanner, plastfolie/-posar, plastboksar/-beger og blomsterpotter skal leverast i spesialsekker som kan delast ut ved alle SIM sine miljøsentralar. Nye sekkar kan også leverast ved å knyta ein plastretursekk til papirdunken ved tøming. Sekkane skal setjast ut på tømedag saman med papirdunkar.

**Tekstilar og kler:**
Eigne sekkar til tekstilar og kler kan hentast på miljøsentralen og sekkane kan leverast der.

**Miljøsentralar:**
Avfall som ein ikkje har lov å kaste i dei tre dunktypane bio, papir og rest, eller som ein ikkje har plass til der, kan leverast på ein av SIM sine miljøsentralar.

**Fritak kjeldesortering:**
Det kan søkjast om fritak for kjeldesortering ved spesielle tilhøve, t.d. sjukdom/funksjonshemming. Det kan då gjevast løyve til å levera usortert avfall, med innlevering kvar 14. dag.

**Mykje avfall i periodar:**
Ekstra sekker kan kjøpast hos kommunen til ei kvar tid gjeldande pris. Henting på dei dagane som er reservert for restavfall.

**Deling av dunkar / fakturering:**
Det er høve til å dela dunkar med nabo eller andre for å få ei lågare avgift pr. husstand.

**Abonnementsgebyr:**
Det vert rekna eit abonnementsgebyr for kvar abonnementseining, d.v.s. kvar sjølvstendig hus/ husvære/ bueining/ hytte/ fritidshus m.m., med eige eller felles kjøkken/kantine. Bedrifts-/næringsverksemder inngår ikkje i denne ordninga.

## 1.1.4 Tøming slamavskiljar

| **Årsgebyr** | | **2022 (eks mva)** | **2022 (inkl mva)** |
|---|---|---|---|
| Heilårsbustad (tøming annakvart år) | | | |
| **Hytte/fritidshus (tøming kvart 4. år)** | | | |
| **Minireinseanlegg skal ha tøming kvart år** | | | |
| | **Tankstorleik** | | |
| **Heilårsbustad** | 0 - 4,0 m3 (ein husstand) | 661 | **826** |
| | 4,1 – 9,5 m3 (ein husstand) | 792 | **990** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | 9,6 – 16,5 m3 (ein husstand) | 1 846 | **2 308** |
| **Felles tank uavhengig av volum, gebyr per husstand** | | | |
| **Fellestank fritid uavh. av volum pr. eining** | | 528 | **660** |
| **Slam, årleg tøming** | 0 - 4,0 m3 (ein husstand) | 1 400 | **1 750** |
| | 4,1 - 9,5 m3 (ein husstand) | 2 696 | **3 370** |
| **Felles tank, årleg tøming, pr husstand** | | 1 040 | **1 300** |
| Minireinseanlegg skal ha tøming kvart år | | | |
| **Hytte/fritidshus (tøming kvart 4. år)** | | 330 | **413** |
| **Felles tank fritid uavh. av volum pr. eining** | | 267 | **338** |

Ekstra tøming/tilleggsarbeid vert fakturert direkte frå SIM.

MERKNAD:

Det er ikkje utarbeidd særskilt gebyrgrunnlag for avfallsavgift og slamtøming, då dette vert utført som leigd teneste av Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM).

Kommunal kostnad går fram av driftsbudsjettet.

## 1.2 Gebyrregulativ for Regulering, byggesak og oppmåling

### 1.2.1 Generelt

Dette gebyrregulativ er fastsett av Stord kommunestyre, og er heimla i:

- § 33-1 i LOV-2008-06-27-71 (plan og bygningslova)
- § 32 i Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova)
- §15 i Lov om eierseksjoner (eierseksjonsloven) LOV-2017-06-16-65.
- § 8 i LOV-2006-05-19-16 (offentleglova )
- § 4 i Forskrift til offentleglova FOR-2008-10-17-1119
- § 52a i Forureiningslova LOV-1981-03-13-6

#### § 1 Verknad

Regulativet gjeld frå 1. januar 2022, og erstattar tidlegare gjeldande regulativ.

Regulativet gjeld for alle saker som er komne inn etter denne dato, med dette og meint endringar av søknader under handsaming, løyve, godkjenning av føretak, ansvarsrettar og dispensasjonar.

#### § 2 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativ, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet.

Gebyrkravet vert sendt til tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Det fastsette gebyr skal betalast uavhengig av seinare endring, refusjon eller eventuell søknad om redusert gebyr/klage på gebyr.

## § 3 Tidspunkt for gebyrfastsetting

Gebyr vert fastsett etter dei satsar som gjeld på det tidspunkt søknad, endringssøknad, rekvisisjon eller fullstendig planforslag ligg føre.

## § 4 Betalingstidspunkt

Gebyret skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevja eit purregebyr i samsvar med gjeldande retningsliner.

## § 5 Indeksregulering

Kommunestyret kan indeksregulera gebyret.

## § 6 Søknader som vert trekt eller returnert

1. Ved skriftleg tilbaketrekking av eit planforslag før førstegongshandsaming er utført, vert det fastsett 50 prosent av fullt gebyr. Det same gjeld når ei sak vert oppfatta som uaktuell, som følgje av manglande oppfølging av saka frå forslagsstillar.
2.

| | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|
| For bygge- eller delessaker som vert returnert eller trekt, vert det fastsett eit minimumsgebyr, unnateke der det går fram i dette regulativ at det ikkje skal betalast gebyr. | 3 945 | 4 059 | **114** |

3. For byggesøknader, som vert trekt eller returnert før rammeløyve er gjeve, vert byggesaksgebyret fastsett til 10 prosent av ordinært gebyr, justert for minimumsgebyret.

4. For byggesøknader, som vert trekt etter at rammeløyve er gjeve men før løyve til igangsetting er gjeve, vert byggesaksgebyret fastsett til 70 prosent av ordinært gebyr, justert for minimumsgebyret.

5. Vert ein byggesøknad etter plan- og bygningslova §20-3 og 20-4 der løyve vert rekna for gitt etter tre veker, trekt innan tre veker etter at den er motteke i kommunen, vert det fastsett byggesaksgebyr lik minimumsgebyret. Dersom saka allereie er handsama, vert det ilagt fullt gebyr.
6.

| | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|
| For plan-, bygge- eller delesaker, som vert returnert utan handsaming, og etterspurd dokumentasjon i mangelbrev ikkje er motteke innan nærare fastsett frist, vert det fastsett eit minimumsgebyr | 3 945 | 4 059 | **114** |

7. Dersom ein byggesøknad vert trekt etter at løyve/igangsettingsløyve/samtykke er gjeve eller ved bortfall av løyve i samsvar med Pbl § 21-9, vil det ikkje verta refundert gebyr.
8. Gebyr for godkjenning av føretak/ansvarsrettar/dispensasjonar vert ikkje refundert.
9. For seksjoneringssøknader, som vert trekt før vedtaket vert fatta, vert det rekna eit gebyr på 50 prosent av handsamingsgebyret.

## § 7 Søknader som fører til avslag

| | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|
| Ved avslag på bygge-, dele- og seksjoneringssøknader vert det fastsett eit gebyr 80 prosent av ordinært gebyr, avgrensa nedover til minimumsgebyret. | 3 945 | 4 059 | **114** |

1. Gebyr for godkjenning av ansvarleg føretak vert fakturert uavhengig av avslag eller godkjenning.
2. Ved avslag etter plan- og bygningslova kap. 19 (dispensasjon) skal det betalast fullt gebyr. Gebyr for handsaming av dispensasjonssøknad vert fakturert uavhengig av avslag eller godkjenning.

## § 8 Urimeleg gebyr

Dersom gebyret openbart er urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn og det arbeidet og kostnadane kommunen har hatt, kan kommunen etter grunngjeven søknad redusera gebyret.
Tilsvarande kan kommunen auke gebyret etter prinsippet om fakturering etter medgått tid dersom ei sak er særleg tidkrevjande å handsame utover det som er lagt til grunn i fastsett gebyrregulativ.

## § 9 Redusert gebyr

Når særlige grunnar tilseier det, kan kommunen etter søknad heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak. Dette kan vera aktuelt i samband med t.d. mindre rehabiliteringsprosjekt som fører til betring av miljøet (tilbakeføring av fasade og liknande).Personlege/sosiale forhold som økonomi og helsetilstand reknast ikkje som særlege grunnar. Søknaden om nedsetting av gebyret utset ikkje betalingsfristen.

## § 10 Fakturering etter medgått tid

Saker som skal fakturerast etter medgått tid, eller handsaming av saker som ikkje naturleg let seg fakturere etter satsane i dette gebyrregulativet, kan fakturerast etter medgått tid. Timesats er kr. 825,- for kontorarbeid;
kr. 1 200,- for feltarbeid. Minstegebyr er sett til to -2- timar.

## § 11 Klagerett

Gebyrregulativet er ei forskrift fastsett av kommunestyret og kan ikkje påklagast. Bruken av regulativet kan etter forvaltningslova påklagast. Kommunen si avgjersle på søknad om reduksjon eller fritak for gebyr vert rekna som einskildvedtak og kan påklagast til statsforvaltaren etter reglane i forvaltningslova.

## 1.2.2 Gebyr private planforslag

Regulativ for handsaming av private framlegg til detaljregulering inkl. tomtedelingsplanar og endring av plan og liknande.

§ 1 Etter dette regulativet vert det kravd gebyr for handsaming av:

Framlegg til planprogram, konsekvensutgreiing, reguleringsplanar og endring av desse jf. pbl § 4-1, § 4-2, § 12-8, § 12-9, § 12-10, § 12-11 og § 12-14.

§ 2 Gebyrsatsar:

| **§ 2.1 Oppstarts- og undervegsmøte** | **2021** | **2022** | **Auke kr** |
|---|---|---|---|
| Oppstartsmøte: For utarbeiding av ny reguleringsplan og endringar av reguleringsplan jf. Pbl § 12-8 | 18 285 | 18 870 | **585** |
| Oppstartsmøte: For mindre endringar i reguleringsplan og føresegner jf. Pbl § 12-14 andre ledd | 2 623 | 2 707 | **84** |

| **§ 2.2 Handsamingsgebyr for reguleringsplanar: Grunngebyr + arealgebyr** | **2021** | **2022** | **Auke kr** |
|---|---|---|---|
| **Grunngebyr:** | | | |
| For framlegg til reguleringsplanar og endring av slike skal det betalast eit handsamingsgebyr. Der planframlegget er særleg krevjande å sakshandsame/ krev fleire gongar sakshandsaming eller utlegg til off. ettersyn, kan det krevjast gebyrbetaling etter medgått tid | 53 879 | 55 603 | **1 724** |
| **Arealgebyr:** Planframlegg i samsvar med overordna planar | | | |
| a. For reguleringsplanar opptil 5 daa | 42 995 | 44 371 | **1 376** |
| b. For reguleringsplanar mellom 5 daa til 10 daa | 87 462 | 90 261 | **2 799** |
| c. For reguleringsplanar mellom 10 daa - 50 daa | 148 121 | 152 861 | **4 740** |
| d. For reguleringsplanar over 50 daa | 183 954 | 189 841 | **5 887** |

For planar som ikkje er i samsvar med gjeldande overordna planar, medfører krav om KU og for planar som omfattar 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag kjem eit tilleggsgebyr til arealgebyr i § 2.2 a.- d. på 15 %.

Grunngebyret og arealgebyret etter § 2.2 skal vera fakturert før planframlegget vert lagt fram for 1. gongs handsaming i utval for plan og utvikling.

| § 2.3 For planar med krav om planprogram og konsekvensutgreiing skal det i tillegg til satsane i § 2.1 og § 2.2 betalast eit | **2021** | **2022** | **Auke kr** |
|---|---|---|---|
| Handsamingsgebyr | 51 703 | 53 357 | **1 654** |

| § 2.4 For endringar av reguleringsplanar jf. Pbl § 12-14 andre ledd. Handsama administrativt eller politisk. | **2021** | **2022** | **Auke kr** |
|---|---|---|---|
| Mindre endringar som i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen for øvrig, ikkje går utover hovudrammene i planen og heller ikkje berører omsynet til viktige natur- og friluftsområde jf. § 12-14 andre ledd. Føresetnad for vedtak med delegert mynde er at saka er kurant og ikkje av prinsipiell politisk art.<br>Handsamingsgebyr:<br>a. Mindre endringar – politisk handsaming. Det skal betalast for storleiken på planområde som vert endra. Handsamingsgebyr er 30 % av grunn- pluss 30 % av arealgebyr i § 2.2 | | | |
| b. For «små» endringar i reguleringsplan og føresegner jf. Pbl § 12-14 andre ledd. Mindre justering av t.d. arealføremål i plan, administrativ handsaming | 15 238 | 15 725 | **487** |

Planframlegg som berre omfattar spesialområde vern eller offentlege friområde vert friteke for å betala gebyr.

## 1.2.3 Gebyr bygge- og delesaker

### § 1 Generelt

### § 1.1 Grunnlag

Der det ikkje går fram anna, utgjer bruksareal, BRA, utrekningsgrunnlaget for gebyret i samsvar med NS 3940, avrunda nedover til næraste m². Det vert rekna bruksareal av alle etasjar.

For søknader etter Pbl kap. 20 vert bruksareal (BRA) i samsvar med NS 3940 lagt til grunn for arealutrekninga.

For overdekka areal (bygg eller deler av bygg som manglar vegger), vert bygd areal (BYA) lagt til grunn for arealutrekninga

I tillegg til byggesaksgebyret vert det rekna gebyr for andre tenester som er knytt til søknaden, slik det går fram av dette gebyret.

Ved tilbygg/påbygg som takoverbygg, karnapp, terrassar, takterrassar, utviding av eksisterande terrassar og andre tiltak som fører til utviding av arealet, vert samla tilleggsareal lagt til grunn for gebyret.

Av byggesaksgebyret skal om lag 10 % dekke kostnadene med tilsyn jf. PBL § 33-1.

### § 1.2 Dispensasjon etter Pbl § 19-2, § 19-3

| | **2021** | **2022** | **Auke kr** |
|---|---|---|---|

| | | | |
|---|---|---|---|
| For separate søknader om dispensasjon og/eller søknad om dispensasjon i samband med søknad etter §20-1 og 20-2 vert det fastsett eit gebyr etter fylgjande satsar:<br>a. For dispensasjon/mellombels dispensasjon frå gjeldande planar og/eller lover og forskrifter som ikkje krev høyring og vert avgjort etter delegert fullmakt. T.d. takvinkel, utnyttingsgrad o.l | 6 562 | 6 752 | **190** |
| b. For dispensasjon/ mellombels dispensasjon frå gjeldande planar og/eller lover og forskrifter som krev avgrensa høyring hos t.d. naboar og lokale mynde, men kan avgjerast etter delegert fullmakt | 8 662 | 8 913 | **251** |
| c. For dispensasjon/ mellombels dispensasjon frå gjeldande planar og/eller lover og forskrifter som krev full høyring til m.a. statleg og/eller regionale mynde og/eller må leggjast fram for politisk handsaming | 16 537 | 17 017 | **480** |
| d. For dispensasjon/ mellombels dispensasjon frå § 1-8 byggeforbodet langs sjø og vassdrag i LNF område. Krev full høyring og politisk handsaming | 18 850 | 19 397 | **547** |
| e. Søknad om fritak frå tekniske krav etter pbl § 31-2 | 5 250 | 5 402 | **152** |

Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til handsamingsgebyr i bygge- og delesaker etter dette gebyrregulativet.

## § 1.3 Stegvis handsaming etter Pbl §21-2

| | **2021** | **2022** | **Auke kr** |
|---|---|---|---|
| Søknader kan delast opp i søknad om rammeløyve og søknad om løyve til igangsetting utan at det medfører ekstra gebyr. Men dersom det er ønskje å dela løyve til igangsetting opp i meir enn 2 trinn, vert det for kvart ekstra trinn rekna gebyr på | 4 200 | 4 322 | **122** |

## § 1.4 Tilsyn etter Pbl. Kap. 25 og oppfølging av lovbrot etter Pbl kap. 32

Kor det ved tilsyn vert avdekka vesentleg svikt som ikkje er ivareteke ved uavhengig kontroll, kan kommunen rekvirere sakkyndig bistand eller utføre tekniske prøver for tiltakshavars rekning. Utgifter til sakkyndig bistand vert vidarefakturert tiltakshavar.

## § 1.5 Endring av tiltak (revisjon)

| | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|
| Dersom endring av tiltak fører til vesentleg endring av gebyrgrunnlaget, vert det fastsett nytt gebyr for heile tiltaket, med eventuell refusjon, som går fram av pkt. 1.2.1 §9 i gebyrregulativet. Til dømes: endring av areal, tal på bueiningar og liknande. | | | |
| a. Ved mindre revisjon som ikkje krev nabovarsling, eller det ligg føre aktiv nabovarsling, vert det eit gebyr på. Gebyr for mindre revisjon skal ikkje overstiga gebyr for ny søknad/melding. | 5 250 | 5 402 | **152** |

## § 1.6 Fornying av søknad

Ved fornya søknad etter bortfall av løyve i samsvar med Plan- og bygningslova §21 -9, betalast fullt gebyr som for ny sak.

## § 1.7 Ferdigattest på eldre saker

| | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|
| For utferding av ferdigattest for tiltak der det er gått meir enn 6 år etter at byggeløyve/løyve til igangsetting er gjeve, eller meir enn 2 år etter at det er gjeve mellombels bruksløyve for heile tiltaket, betalast eit gebyr på | 3 325 | 3 421 | **96** |

## § 1.8 Tillegg pga. mangelfull søknad (gjeld og endring)

| | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamingsgebyra under §2-§17 vert auka med 20 prosent i saker der det vert meirarbeid på grunn av mangelfull søknad. Det vil seia saker der det må skrivast brev til ansvarleg søkjar/tiltakshavar/heimelshavar om tilleggsdokumentasjon. | | | |
| Dette gjeld også saker der det vil vera naudsynt med synfaring eller særskilde møter før søknaden kan handsamast. | | | |
| Ved manglar i førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest der det må skrivast brev vert det fastsett eit gebyr på | 2 625 | 2 701 | 76 |

## § 1.9 Førehandskonferanse

| | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|
| a. Førehandskonferanse etter Pbl § 21-1 kan krevjast av tiltakshavar eller plan- og bygningsmynde. Det vert fastsett eit gebyr på kr | 3 150 | 3 241 | **91** |
| 50 prosent av dette gebyret vert refundert dersom sak som omtalt i førehandskonferansen vert fremja innan 2 år. | | | |

## § 1.10 Krav om dokumentasjon etter PBL § 31-7.

Kommunen kan krevje dei opplysningar av bygget sin eigar som er naudsynt for å vurdera grunnlag for pålegg om utbetring av bevaringsverdige bygg jf. SAK10 kap. 19. Utgifter til sakkyndig bistand kan krevjast dekka av eigar/den ansvarlege jf. Pbl §§ 31-7 og 33-2

## § 2 Søknadar etter Pbl §20-4

| § 2.1 Tiltak etter Pbl §20 -4b, driftsbygningar i landbruket. | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|
| Driftsbygningar 0- 200 m² | 15 382 | 15 829 | **446** |
| 201 – 1000 m² | 21 500 | 22 125 | 625 |
| Driftsbygningar over 1000 m² | 60 537 | 32 709 | -27 828 |

| § 2.2 Tiltak etter Pbl §20 -4c. | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|
| a.Mellombelse eller transportable bygningar, konstruksjonar og anlegg, til dette høyrer campingvogner, telt, tivoli, sirkus m.m. og innretningar for uteservering. | 4 850 | 4 991 | **141** |
| b. Større mellombels eller transportable bygningar for varig opphald med areal over 100 m2 | 13 186 | 13 568 | **382** |
| c. Ved gjentatt handsaming (t.d. årlege tivoli, uteservering m.m.) | 3 100 | 3 190 | **90** |

Mellombels brakkerigg, lager-/industrihaller inkl. tilbygg til desse med areal over 100 m² reknast 50 prosent av gebyr for næringsbygg (§6).

| § 2.3 Tiltak etter Pbl § 20-4a; Mindre byggjearbeid/tiltak på bebygd eigedom (jf. §3-1 i SAK10) | **2021** | **2022** | **Auke kr** |
|---|---|---|---|
| Gebyrsatsane under § 2.3 vert redusert med 25 prosent der søknaden er godt dokumentert og ikkje krev ekstra opplysningar. Det vil seie saker der det ikkje er naudsynt å skrive brev til tiltakshavar om tilleggsdokumentasjon. | | | |
| 0-70 m² | 7 545 | 7 764 | **219** |
| Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel | 7 545 | 7 764 | **219** |
| Skilt, reklameinnretning og liknande | 5 987 | 6 161 | **174** |
| Antennesystem med høgde inntil 5 m | 6 200 | 6 380 | **180** |

| § 2.4 Manglande tilbakemelding | **2021** | **2022** | **Auke kr** |
|---|---|---|---|
| For tiltak godkjent i samsvar med Pbl. §20-4 (mindre byggearbeid), som krev oppdatering av offentlege kart, skal tiltakshavar gje tilbakemelding seinast 4 veker etter at tiltaket er teke i bruk. Oppfølging vedk. manglande tilbakemelding fører til eit tilleggsgebyr på | 2 100 | 2 161 | **61** |

## § 3 Bustader og fritidsbustader. Nye bueiningar og oppdeling/samanføying av bueining m.m. (Pbl §20-3 jf. §20 -1a og g)

| | **2021** | **2022** | **Auke kr** |
|---|---|---|---|
| § 3.1 For første bueining | 20 635 | 21 233 | **598** |
| § 3.2 For ytterlegare bueiningar over 50 m² i same bygg, pr. bueining | 10 318 | 10 617 | **299** |
| § 3.3 For ytterlegare bueiningar under 50 m² i same bygg, pr. bueining | 7 575 | 7 764 | **219** |
| § 3.4 Hyblar (enkeltrom m/felles bad, etc.), campinghytter pr. bueining. | 7 575 | 7 764 | **219** |
| § 3.5 For institusjonar/omsorgsbustader m.m. med eigne bueiningar, vert fellesareal rekna som for næringsbygg og bueiningane som bustad | | | |
| § 3.6 Mellombels bruksløyve, for 1. bueining | 3 150 | 3 241 | **91** |
| § 3.7 Mellombels bruksløyve for ytterlegare bueiningar | 1 575 | 1 621 | **46** |
| § 3.8 Samanføying av brukseining i bustad pr. bueining<br>Ved oppdeling vert gebyr etter § 3.1- § 3.5. | 7 575 | 7 764 | **219** |
| § 3.9 Ved søknad av identiske fleirmannsbustader i same søknad vert gebyret redusert med 25 % pr. bygg f.o.m bygning nr. 2 | | | |

## § 4 Søknadspliktige tilbygg/påbygg til bustader, fritidsbustader/hytte (Pbl §20-3 og 20-4 jf §20-1a)

| | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|
| § 4.1 0-50 m² | 7 545 | 7 764 | **219** |
| § 4.2 50 – 100 m² | 12 854 | 13 227 | **373** |
| § 4.3 Over 100 m² | 16 996 | 17 489 | **493** |
| § 4.4 Mellombels bruksløyve | 3 150 | 3 241 | **91** |

## § 5 Garasjar/carport/naust/uthus (Pbl §20-3 jf §20-1a)

| Der garasje inngår som eigen del av bygning(ar) (bustad/kontor m.m.) vert det fastsett separat gebyr etter denne paragraf. For søknad om garasje over BRA 70 m2 kjem dispensasjonsgebyr i tillegg. | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|
| § 5.1 0 -70 m² | 7 545 | 7 764 | **219** |
| § 5.2 Over 70 m² - som for næringsbygg | 21 023 | 13 227 | **-7 796** |

## § 6 Næringsbygg (erverv) (Pbl §20-3 jf §20-1a)

| | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|
| § 6.1 1 0- 150 m² | 21 023 | 21 633 | **610** |
| § 6.2 151 – 300 m² | 31 787 | 32 709 | **922** |
| § 6.3 301 – 500 m² | 42 273 | 43 499 | **1 226** |
| § 6.4 501 – 800 m² | 48 316 | 49 717 | **1 401** |
| § 6.5 801 – 1000 m² | 61 537 | 63 322 | **1 785** |
| § 6.6 For areal over 1000 m² vert det rekna eit gebyr på pr. m² | 56 | 56 | **0** |
| Gebyret må likevel ikkje overstiga kr. | 671 158 | 671 158 | **0** |
| § 6.7 For stativhallar, overtrykkshallar, skur og veksthus, reknast 50 prosent av gebyr som for næringslivsbygg (erverv). | | | |
| § 6.8 For innreiing av råbygg reknast 25 prosent av gebyr for næringsbygg (erverv). | | | |
| § 6.9 Innretning for uteservering | 11 109 | 11 431 | **322** |
| § 6.10 Mellombels bruksløyve for 1.eining | 3 150 | 3 273 | **123** |

## § 7 Konstruksjonar eller anlegg (Pbl §20-3 jf §20-1a)

| | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|

| | | | |
|---|---|---|---|
| § 7.1 Mindre anlegg (reinseanlegg, slamavskiljarar, mindre flytebrygger/kaier o.l.) | 6 910 | 7 110 | **200** |
| § 7.2 Private stikkleidningar (mindre VA-anlegg) | 7 545 | 7 764 | **219** |
| § 7.3 Større anlegg (kraner, større flytebrygger/kaier o.l.) | 15 186 | 15 626 | **440** |
| § 7.4 Større kommunaltekniske hovudleidningsanlegg (VA-anlegg, avløpspumpestasjon o.l) | 16 496 | 16 974 | **478** |
| § 7.5 Idretts-/sportsanlegg utan bygning/tribune t.d. fotball-, skeisebane og liknande. | 14 186 | 14 597 | **411** |

Nærmiljøanlegg m/offentleg støtte er unnateke for gebyr.

## § 8 Fasadeendring, vesentlege reparasjonar og liknande (Pbl §20-3 jf §20-1b og c)

Fasadeendring omfattar m.a. endring av vindauge, kledningsmateriale og taktekking, takoverbygg, karnapp, ark, takterrasse m.m.

| | **2021** | **2022** | **Auke kr** |
|---|---|---|---|
| § 8.1 Fasadeendring småhus (einebustader, tomannsbustader, rekkehus, småhus i grupper) | 4 957 | 5 101 | **144** |
| § 8.2 Fasadeendring større bygg (næringsbygg og liknande) | 9 011 | 9 272 | **261** |
| § 8.3 Ved vesentleg endringar av planløysing, til dette høyrer og hovudombygging vert det eit gebyr på 50 prosent av byggegebyr som for nybygg. | | | |

## § 9 Bruksendring (Pbl §20-3 jf §20-1d)

§ 9.1 For bruksendring frå anna føremål til bustad betalast etter §3.

§ 9.2 Innreiing av loft/kjellar som tilleggsrom til eksisterande bueining betalast etter § 2.3

§ 9.3 Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel betalast etter § 2.3

§ 9.4 For annan bruksendring betalast 25 % av byggegebyr som gjeld for næringsbygg jf. §6.

§ 9.5 Oppdeling/samanslåing av eksisterande bueiningar gjeld § 3

§ 9.6 Fører bruksendring og til søknadspliktig arbeid, som handsamast i same søknad, vert gebyret rekna ut i samsvar med §8.3 i regulativet.

## § 10 Riving (Pbl §20-3 jf §20-1e)

| | **2021** | **2022** | **Auke kr** |
|---|---|---|---|
| § 10.1 0-100 m² | 4 368 | 4 495 | **127** |
| § 10.2 101 – 1000 m² | 6 390 | 6 575 | **185** |
| § 10.3 over 1000 m² | 13 033 | 13 411 | **378** |
| § 10.4 Riving av konstruksjonar eller anlegg | 7 006 | 7 279 | **273** |

Når søknad om tiltak også inneheld søknad om riving for oppføring av erstatningsbygg på same staden, vert det ikkje teke gebyr for riving.

## § 11 Innhegning mot veg, levegg, støttemur, skilt og liknande (Pbl § 20 -1 a og h)

| | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|
| § 11.1 Innhegning mot veg/skjermvegg/levegg | 4 957 | 5 101 | **144** |
| § 11.2 Støttemur inntil 2,0m høgde | 6 300 | 5 628 | **-672** |
| § 11.3 Støttemur over 2,0m høgde | 8 988 | 6 569 | **-2 419** |
| § 11.4 Skilt/reklame pr. søknad | 4 957 | 4 354 | **-603** |

## § 12 Vesentlege terrenginngrep/utfylling (Pbl §20-3 jf §20-1k)

| | 2020 | 2021 | Auke kr |
|---|---|---|---|
| § 12 Vesentlege terrenginngrep/utfylling/massedeponi (Pbl § 20-1 k) Mindre terrenginngrep vert rekna etter gebyr for støttemur jf. § 11 | 15 898 | 16 359 | **461** |

## § 13 Anlegg av veg eller parkeringsplass (Pbl §20-3 jf §20-1l)

| | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|
| § 13.1 Mindre parkeringsplassar på planert terreng (inntil 10 bilar) | 7 545 | 7 764 | **219** |
| § 13.2 Større parkeringsplassar | 12 969 | 13 345 | **376** |
| § 13.3 Parkering på eller i bygning, parkeringshus/anlegg som § 6 i regulativet | | | |
| § 13.4 Gangbru/kulvert og liknande | 9 011 | 9 272 | **261** |
| § 13.5 Køyrebru/kulvert og liknande | 17 028 | 17 522 | **494** |
| § 13.6 Veganlegg til dette høyrer og gangveg/kulvert og liknande | 13 898 | 14 301 | **403** |
| § 13.7 For tiltak som ikkje er avklara i plan for tiltak jf. § 13.6 betalast 50 % i tillegg til gebyr i § 13.6 | | | |
| § 13.8 Ny avkjørsel og privat veg | 7 545 | 7 764 | **219** |

## § 14 Separate søknader om bygningstekniske installasjonar (§20-3 jf §20-1f).

| | 2021 | 2022 | Auke kr |
|---|---|---|---|

| | | | |
|---|---|---|---|
| § 14.1 Sanitæranlegg, innreiing våtrom | 3 024 | 3 112 | **88** |
| § 14.2 Pipe, varmeanlegg, kuldeanlegg og varmepumper, automatisk brannvarslingsanlegg, automatisk brannsløkkingsanlegg | 3 807 | 3 917 | **110** |
| § 14.3 Ventilasjonsanlegg | 6 300 | 6 483 | **183** |
| § 14.4 Heis, rulletrapper, rullande fortau, rømmingstrapper, rulleband o. l. som er søknadspliktig etter pbl. | 4 957 | 5 101 | **144** |

## § 15 Diverse tiltak

| | **2021** | **2022** | **Auke kr** |
|---|---|---|---|
| For arbeid som ikkje kan bereknast etter ovannemnde satsar, her medrekna mellom anna antenneanlegg, mobilstasjon, basseng, busskur, leikeplassar, ballbingar, fotballplassar, brettrampar, sykkelbanar, endring av takkonstruksjon (som ikkje fører til auke i målverdig areal) m.m., betalast | 6 300 | 6 483 | **183** |

## § 16 Godkjenning av føretak/ansvarsrett

| | **2021** | **2022** | **Auke kr** |
|---|---|---|---|
| § 16.1 Lokal godkjenning av føretak som ikkje kan erklære ansvarsrett/ sjølvbyggjaransvar (er berre aktuelt i tiltaksklasse 1) | 2 100 | 2 161 | **61** |

## § 17 Delingssøknader (§20-4 jf Pbl §20-1m).

| | **2021** | **2022** | **Auke kr** |
|---|---|---|---|
| § 17.1 For søknad om frådeling av første parsellen der grensene er i samsvar med fastsette føremålsliner/ eigedomsgrenser i reguleringsplan, utbyggingsplan eller tomtedelingsplan | 6 216 | 6 396 | **180** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| § 17.2 Frådeling av kvar av dei påfølgjande parsellane innanfor krav i § 17.1 | 3 108 | 3 198 | **90** |
| § 17.3 For søknad om deling av første parsellen i regulert/ uregulert område der føremålsliner/eigedomsgrenser ikkje framgår av fastsett plan | 9 787 | 10 071 | **284** |
| § 17.4 Frådeling av kvar av dei påfølgjande parsellane innanfor krav i § 17.3 | 4 893 | 5 035 | **142** |
| § 17.5 For søknad som arealoverføring av små tilleggsareal til eksisterande eigedomar (opptil 250 m2). Søknad om større areal for arealoverføring vert rekna etter satsane i § 17.1/ § 17.3. | 3 559 | 3 662 | **103** |

Dersom delingssøknaden inneheld søknad om dispensasjon, skal det i tillegg til satsane over fakturerast for handsaming av dispensasjonsspørsmålet etter kap. 1.2.3 § 1.2.

## 1.2.4 Utsleppsløyve

§ 1 Søknad om utslepp (lokal forskrift) og tilknyting til privat avløpsanlegg

| | **2021** | **2022** | **Auke kr** |
|---|---|---|---|
